

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 9. mai 2012, kl 19.00 – 22.10.

Til stades: Sidsel Haugen, Gerd Ingeborg Haugen, Britt Heidi Selsvik, Sigmund Eiken, Einar Ystevik, Ole-Gisle Vassel.

### **Sak 1, Bygdedugnaden 28. april.**

Sigmund Eiken hadde hovudansvaret for gjennomføring av dugnaden, han las opp referat frå dugnaden. Referatet ligg som vedlegg til dette referatet og vert sett opp plakatkassen.

### **Sak 2, Leigeavtale Arjen L.H. Stolk's Tre Tradisjon Herand.**

Styreleiar har motteke brev frå Arjen L.H. Stolk's Tre Tradisjon Herand med spørsmål om Herand Bygdelag er villig å vurdere redusert oppseiingsfrist for leigeavtalen for sløydsalen i skulen. Styret tar til orientering at utflyttinga er planlagt til 1. juli 2012.

Styret har over lengre tid vore kjend med utflyttinga og vedtok på denne bakgrunn å imøtekomme leigetakar ved å endre oppseiingsfristen frå 12 til 3 månader dersom utflyttinga vert seinare enn 01.07.12.

Skrivar sender svarbrev om vedtaket til Arjen L.H. Stolk's Tre Tradisjon Herand.

### **Sak 3, Jondal kommune-klagesak.**

Jondal kommune ved Formannskapet handsama i møte 18.04.12 Herand Bygdelag sin klage vedkomande tilbakebetaling av feilutbetalt barnehagetilskot for 2011. FS tok klagen til følge og gjorde vedtak om ei samla tilbakebetaling på kr 150.000.

Dette medfører at barnehagedrifta i perioden januar 2011 til august 2012 "går rundt" med eit positivt økonomisk resultat.

#### Vedtak:

Styret tar til orientering og godkjenner samrøystes FS sitt vedtak.

Skrivar sender svarbrev til Jondal kommune.

### **Sak 4, Økonomirapportering frå Herand barnehage.**

Kasserar la fram rapport og orienterte om driftsresultatet pr utgangen av april 2012, som syner eit underskot på kr 14.000.

### **Sak 5, Ekstraordinært årsmøte 22.05.12.**

Årsmøtet 27.03.2012 gav fullmakt til at styret i bygdelaget saman med styret i barnehagen avklarar barnetal, dispensasjon frå utdanningskravet og økonomisk konsekvens for vidare drift av Herand Barnehage og legg dette fram i ekstraordinært årsmøte.

Desse avklaringane er no utført ved leiar og kasserar i bygdelaget og barnehagestyret.

Informasjonsskriv, budsjett o.a. vert distribuert til alle husstandar i god tid før møtet.

Styret oppfordrar til å møte opp på det ekstraordinære årsmøtet på skulen 22. mai kl 19.00.

### **Sak 6, Ymse.**

Einar Ystevik har, etter godkjenning frå eigar Geir Storås, gjort avtale med Erling Eiken om å laga skilt med teksten "KRAMBUA" for å montera opp på gavlveggen mot vegen. Johan Haugen skaffar material og Sverre Haugen høvlar emnet.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.